



Møteprotokoll

Utval: Utvalet for oppvekst og kultur
Møtestad: Møterom Steinkorsen – Rådhuset
Dato: 22.04.2026
Tid: Kl. 09:00 - 13:00

Følgande medlemmer møtte:

Annlaug Birkeland
Liv Horvei
Ove Henning Håkonsen
Paula Kathrine Lesto
Ove Varlid
Rune Hegrenes
Liv Jorunn Sellevold
Silja Juklestad
Anita Kongsvik Smaadal
Elias Slåtten
Åge Avedal

Parti:

Ap
Ap
FrP
H
Sp
Sp
SV
SV
UA
V
V

Andre:

Anita Nordheim	kommunalsjef kultur og idrett
Kristine Steindal	kommunalsjef barnehage
Lise Fitje Toverud	Sakshandsamar
Lise Mari Haugen	assisterande kommunedirektør
Svanhild Røkenes	sakshandsamar
Thomas Synnevåg Øvstedal	rådgjevar
Åge Ansgar Stafsnes	kommunalsjef skule

Inhabil

Paula Kathrine Lesto
Rune Hegrenes

Sak

018/26
018/26

Møtande varamedlem:

Møteleiar: Ove Varlid

Godkjenning av protokollen:

Ove Varlid leiar

Anita Kongsvik Smaadal

Rune Hegrenes

Protokollen er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
010/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
011/26	Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune
012/26	Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune
013/26	Ytterlegare innsparing med inntil 30 mill. kroner i samfunnsteneste
014/26	Samlokalisering av Viksdalen skule og barnehage til nytt oppveskttun
015/26	Forskrift om skulekrinsgrenser i Sunnfjord kommune
016/26	Prioritering spelemidler Kulturbygg 2026
017/26	Driftsmidler kultur og idrett 2026 tildeling vår
018/26	Tilskotsmidlar arrangement og prosjekt vår 26
019/26	Frivilligpolitisk plattform
020/26	Årsmelding 2025 – Ungdomsrådet
021/26	Orienteringar, spørsmål og oppfølging

010/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteleiaren sitt framlegg til vedtak:

Innkallinga og saklista blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne protokollen:

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista

Møteleiaren fremja følgande til å godkjenne protokollen: Anita Kongsvik Smaadal og Rune Hegrenes

Einstemmig vedtak

UOK- 010/26 Vedtak:

Innkallinga og saklista blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne protokollen: Anita Kongsvik Smaadal og Rune Hegrenes

011/26: Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune vert godkjent.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UOK- 011/26 Vedtak:

Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune vert godkjent.

Behandling i Eldrerådet 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane og konst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

ELDR- 007/26 Vedtak:

Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune vert godkjent.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål kst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

RMNF- 008/26 Vedtak:

Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune vert godkjent.

Behandling i Ungdomsrådet 20.04.2026:

Kst. kommunedirektør, Lise Mari Haugen, innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig godkjent**

UR- 022/26 Vedtak:

Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune vert godkjent.

012/26: Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

Årsrekneskap 2025 og Årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UOK- 012/26 Vedtak:

Årsrekneskap 2025 og Årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Eldrerådet 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane og konst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

ELDR- 008/26 Vedtak:

Årsrekneskap 2025 og Årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane og kst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

RMNF- 009/26 Vedtak:

Årsrekneskap 2025 og Årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Ungdomsrådet 20.04.2026:

Kst. kommunedirektør, Lise Mari Haugen, innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg **vart einstemmig tilrådd**

UR- 021/26 Vedtak:

Årsrekneskap 2025 og Årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

013/26: Ytterlegare innsparing med inntil 30 mill. kroner i samfunnsteneste**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til 20 mill. kr.
2. Fordeling av ytterlegare innsparing mellom sektoren vert 11 mill. kr til stab/støtte, 6 mill. kr til kultur/idrett og 3 mill. kr til teknisk/miljø.
3. Tidspunkt for effekt er fortrinnsvis 1. januar 2027. Det skal rapporterast på framdrift/status for kvar sektor.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:**Ytterlegare innsparing med inntil 30 mill. kroner i samfunnsteneste, fremja av Liv Jorunn Sellevold (SV):**

Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til inntil 10 mill. kr. Og skal gjelde sektorene Stab og støtte og teknisk og miljø. Kommunedirektøren skal legge fram forslag til innsparing i samband med budsjett og økonomiplan for 2027.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med følgjande endring., fremja av Liv Horvei (Ap):

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til 11 mill. kr.
2. Me kjem attende til korleis innsparinga skal fordelast mellom sektorane.
3. Tidspunkt for effekt er fortrinnsvis 1. januar 2027. Det skal rapporterast på framdrift/status for kvar sektor.

Endringsframlegg frå H, punkt 1 og 2:, fremja av Paula Kathrine Lesto (H):

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til 15 mill. kr.
2. Kommunedirektøren kjem tilbake med ny sak og ei fordeling mellom sektorane.

Alternativt framlegg frå Venstre, Høgre, SP og uavhengig, fremja av Åge Avedal (V):

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til 15 mill. kr.
2. Vi skal skjerme barn og unge i størst mogleg grad.
3. Tidspunkt for effekt er fortrinnsvis 1. januar 2027. Det skal rapporterast på framdrift/status for kvar sektor.

Fellesframlegg frå Utval for oppvekst og kultur, fremja av Liv Jorunn Sellevold (SV):

I arbeidet vidare med ytterlegare innsparing i samfunnstjenestene tilrår utval for oppvekst og kultur at barn og unge må skjermast for innsparingar så langt det let seg gjere. Samla framstår målet om 20 millionar for høgt.

Kort orientering/svar på spørsmål ved kst. kommunedirektør Lise Mari Haugen og Jan Flølo frå Tell

Avstemming:

Sv trekker sitt framlegg

H trekker sitt framlegg

AP sitt framlegg **fall** med, 5 (Ap, SV og Frp), **mot** 6 røyster (SP, H, UA V)

Felles framlegg frå V, H, Sp og UA, vart **vedteke** med 6 (SP, H, UA V) **mot** 5 røyster (Ap, SV og Frp)

Felles framlegg til tilleggspunkt, vart **einstemmig** vedteke

Kommunedirektøren sitt framlegg **fall einstemmig**

UOK- 013/26 Vedtak:

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstjenestene, vert justert til 15 mill. kr.
2. Vi skal skjerme barn og unge i størst mogleg grad.
3. Tidspunkt for effekt er fortrinnsvis 1. januar 2027. Det skal rapporterast på framdrift/status for kvar sektor.
4. I arbeidet vidare med ytterlegare innsparing i samfunnstjenestene tilrår utval for oppvekst og kultur at barn og unge må skjermast for innsparingar så langt det let seg gjere. Samla framstår målet om 20 millionar for høgt.

Behandling i Eldrerådet 21.04.2026:

Felles framlegg, fremja av Nils Gjerland (FPL):

Rådet ber kommunestyret vise moderasjon i høve innsparingskravet.

Kort orientering/svar på spørsmål ved konst. kommunedirektør

Avstemming:

Felles framlegg vart **samrøystes godkjent**

ELDR- 013/26 Vedtak:

Rådet ber kommunestyret vise moderasjon i høve innsparingskravet.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

RMNF- 013/26 Vedtak:

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnsstenestene, vert justert til 20 mill. kr.
2. Fordeling av ytterlegare innsparing mellom sektoren vert 11 mill. kr til stab/støtte, 6 mill. kr til kultur/idrett og 3 mill. kr til teknisk/miljø.
3. Tidspunkt for effekt er fortrinnsvis 1. januar 2027. Det skal rapporterast på framdrift/status for kvar sektor.

Behandling i Ungdomsrådet 20.04.2026:

Fellesframlegg frå ungdomsrådet , fremja av Birk Sørebo Hauger ():

Ungdomsrådet meiner innsparingsambisjonen er for høg, og at det ikkje skal bli kutta i tilbodet til barn og ungdom. Den samla negative effekten for barn og ungdom blir for stor, og spesielt lågterskeltilbod blir for hardt ramma.

Ungdomsrådet vil verne ungdomsklubbane i Førde og Naustdal frå kutt. Dette er eit viktig lågterskeltilbod. I ungdomsrådet sin handlingsplan har vi bestemt å arbeide for ungdomsklubb i alle tettstadane med ungdomsskule.

Fjerning av fritidskortet er særleg uheldig sidan dei svakaste i samfunnet blir ramma. Dette kan auke utanforskap og vil vere negativt for Sunnfjord-samfunnet.

Kst. kommunedirektør, Lise Mari Haugen, innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

Ungdomsrådet sitt fellesframlegg **vart einstemmig tilrådd**

UR- 023/26 Vedtak:

Ungdomsrådet meiner innsparingsambisjonen er for høg, og at det ikkje skal bli kutta i tilbodet til barn og ungdom. Den samla negative effekten for barn og ungdom blir for stor, og spesielt lågterskeltilbod blir for hardt ramma.

Ungdomsrådet vil verne ungdomsklubbane i Førde og Naustdal frå kutt. Dette er eit viktig lågterskeltilbod. I ungdomsrådet sin handlingsplan har vi bestemt å arbeide for ungdomsklubb i alle tettstadane med ungdomsskule.

Fjerning av fritidskortet er særleg uheldig sidan dei svakaste i samfunnet blir ramma. Dette kan auke utanforskap og vil vere negativt for Sunnfjord-samfunnet.

014/26: Samlokalisering av Viksdalen skule og barnehage til nytt oppveksttun

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Viksdalen skule og Viksdalen barnehage blir samlokalisert til eit oppveksttun ved Viksdalen skule så snart det er praktisk mogleg å gjennomføre. Kommunedirektøren vurderer når samlokaliseringa kan gjennomførast. Det blir avsett 400 000 kroner NOK til tiltaket. Tiltaket blir finansiert ved omdisponering av 400 000 kroner frå prosjekt 110088 tiltak for å møte innsparing og omstilling.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane Åge Stafsnes og Kristine Steindal

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes tilrådd**

UOK- 014/26 Vedtak:

Viksdalen skule og Viksdalen barnehage blir samlokalisert til eit oppveksttun ved Viksdalen skule så snart det er praktisk mogleg å gjennomføre. Kommunedirektøren vurderer når samlokaliseringa kan gjennomførast. Det blir avsett 400 000 kroner NOK til tiltaket. Tiltaket blir finansiert ved omdisponering av 400 000 kroner frå prosjekt 110088 tiltak for å møte innsparing og omstilling.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.04.2026:

felles framlegg, fremja av Silje Katrine Vangsnes (LMA):

1. Rådet tek saka til vitande.
2. Rådet ber om at dei gruppene vi representerer vert ivaretekne i overgangen til samlokalisering.

Kort orientering/svar ved kommunalsjef skule Åge Stafsnes

Avstemming:

Felles framlegg vart **einstemmig vedteke**.

RMNF- 014/26 Vedtak:

1. Rådet tek saka til vitande.
2. Rådet ber om at dei gruppene vi representerer vert ivaretekne i overgangen til samlokalisering.

Behandling i Ungdomsrådet 20.04.2026:

Alternativt fellesforslag frå ungdomsrådet, fremja av Birk Sørebo Hauger ():

Ungdomsrådet meiner at samlokalisering til oppveksttun skal bli utsett til 2029 når ungdomstrinnet blir flytta til Sande skule.

Det er problematisk at det blir eit så stort aldersspenn blir samla og bruk av mellombelse lokale. Investeringa får òg avgrensa effekt fram til ungdomstrinnet blir flytta. Det bør vere meir informasjon om innsparinga og tidspunkt for realisering av den. Kvaliteten på tilbodet kan bli påverka ved bruk av felles personalbase til så ulike alderstrinn.

Dersom kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg er det viktig at skulen, elevar og foreldre blir tett involvert i den vidare prosessen, slik at det blir funne ei god løysing for barna i Viksdalen **før** tiltaket blir iverksett. Det bør òg bli gjennomført eit folkemøte i Viksdalen.

Kommunalsjef for skule, Åge Stafsnes, innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

Ungdomsrådet sitt fellesframlegg vart **einstemmig vedteke**

UR- 020/26 Vedtak:

Ungdomsrådet meiner at samlokalisering til oppveksttun skal bli utsett til 2029 når ungdomstrinnet blir flytta til Sande skule.

Det er problematisk at eit så stort aldersspenn blir samla, og bruk av mellombelse lokale. Investeringa får òg avgrensa effekt fram til ungdomstrinnet blir flytta, på grunn av meir behov for investering. Det bør vere meir informasjon om innsparinga og tidspunkt for realisering. Kvaliteten på tilbodet kan bli påverka ved bruk av felles personalbase for barnehage og skule.

Dersom kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg er det viktig at skulen, elevar og foreldre blir tett involvert i den vidare prosessen, slik at det blir funne ei god løysing for barna i Viksdalen **før** tiltaket blir iverksett. Det bør òg bli gjennomført eit folkemøte i Viksdalen.

015/26: Forskrift om skulekrinsgrenser i Sunnfjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Formannskapet vedtek å legge forskrift for skulekrinsgrenser i Sunnfjord kommune ut på høyring.
- Høyringsperioden er frå 23.april 2026 til 4.juni 2026

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjef Åge Stafsnes

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes tilrådd**

UOK- 015/26 Vedtak:

- Formannskapet vedtek å legge forskrift for skulekrinsgrenser i Sunnfjord kommune ut på høyring.
- Høyringsperioden er frå 23.april 2026 til 4.juni 2026

016/26: Prioritering spelemidlar Kulturbygg 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune vedtek prioriteringsliste for spelemidlar til kulturbygg slik det kjem fram i saksframlegg i saka.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane og kst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes vedteke**

UOK- 016/26 Vedtak:

Sunnfjord kommune vedtek prioriteringsliste for spelemidlar til kulturbygg slik det kjem fram i saksframlegg i saka.

017/26: Driftsmidler kultur og idrett 2026 tildeling vår

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet for oppvekst og kultur sluttar seg til kommunedirektøren si tilråding for tilskot til kultur- og idrettsorganisasjonar i samsvar med saksutgreiing og tildelingsoversikt i dokumentet Forslag til tildeling av driftstilskot til lag og organisasjonar 2026.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

Tilleggsframlegg:, fremja av Åge Avedal (V):

Driftstilskotet til Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane blir auka med 60 000 kr, til totalt 100 000 kr. Dette blir finansiert ved å redusere ramma til fordeling til arrangement og prosjekt hausten 2026 med 60 000 kr.

Paula Lesto bad om ei habilitetsvurdering som søsken til leiar av Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane, som er part i saka. Lesto gjekk frå behandlinga av saka.

Eit samrøystes utval erklærte Lesto som habil, ho deltok i behandlinga.

Avstemming:

V sitt tilleggsframlegg om endra tildeling til Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane vart vedteke med 10 mot 1 røyst (Frp)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UOK- 017/26 Vedtak:

1. Utvalet for oppvekst og kultur sluttar seg til kommunedirektøren si tilråding for tilskot til kultur- og idrettsorganisasjonar i samsvar med saksutgreiing og tildelingsoversikt i dokumentet Forslag til tildeling av driftstilskot til lag og organisasjonar 2026.
2. Driftstilskotet til Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane blir auka med 60 000 kr, til totalt 100 000 kr. Dette blir finansiert ved å redusere ramma til fordeling til arrangement og prosjekt hausten 2026 med 60 000 kr.

018/26: Tilskotsmidlar arrangement og prosjekt vår 26

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet for oppvekst og kultur sluttar seg til kommunedirektøren si tilråding for tilskot til arrangement og prosjekt i samsvar med saksutgreiing og tildelingsoversikt i dokumentet Forslag til tildeling av tilskotsmidlar til arrangement og prosjekt – våren 2026.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

Paula Lesto bad om ei habilitetsvurdering som styremedlem i Jølster skisenter. Lesto gjekk frå behandlinga av saka.

Rune Hegrenes bad om ei habilitetsvurdering som styremedlem i Sunnfjord Ekstremmetall, Hegrenes gjekk frå behandlinga av saka.

Eit samrøystes utval fann Lesto og Hegrenes inhabile etter forvaltningslova § 6, første ledd bokstav e) dei gjekk frå behandlinga, det møtte ikkje vara

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UOK- 018/26 Vedtak:

Utvalet for oppvekst og kultur sluttar seg til kommunedirektøren si tilråding for tilskot til arrangement og prosjekt i samsvar med saksutgreiing og tildelingsoversikt i dokumentet Forslag til tildeling av tilskotsmidlar til arrangement og prosjekt – våren 2026.

019/26: Frivilligpolitisk plattform

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.

Plattformen skal reviderast annakvart år.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

Nytt framlegg til vedtak, Frivilligpolitisk plattform (Venstre):, fremja av Åge Avedal (V):

1. Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.

2. Plattformen blir revidert annakvart år.

3. Den frivilligpolitiske plattformen skal innleie med avsnitt som skildrar visjon, mål og prinsipp, slik det er skildra i saksframlegget:

«Plattformen er eit styringsdokument som set retning for samarbeidet mellom Sunnfjord kommune og frivillig sektor.

Visjon: Sunnfjord kommune skal vere ein aktiv medspelar for frivillig sektor og bidra til eit levande lokalsamfunn.

Mål: Kommunen skal styrke og støtte frivillig innsats ved å legge til rette for samarbeid, god informasjon, møteplassar og føreseielege strukturar.

Prinsipp:

- Frivillige skal møtast med respekt
- Lokal forankring og støtte til initiativ frå nærområda
- Klare roller og tydeleg forventningsavklaring»

4. Det blir slått fast i dokumentet at frivilligpolitikken til Sunnfjord kommune skal bygge på «Dei 10 frivilligpolitiske bodene», vedtatt av Frivillighet Norge, og gjengitt på nettsida samhandlingskoden.no:

<https://www.frivillighetnorge.no/verktoy/offentlige/samhandlingskoden/ressurser/de-ti-frivillighetspolitiske-bud>

5. Den frivilligpolitiske plattformen skal ha ei inspirerende grafisk formgjeving.

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane og kst. kommunedirektør

Avstemming:

V sitt framlegg vart **einstemmig** vedteke

Kommunedirektøren sitt framlegg **fall einstemmig**

UOK- 019/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.

2. Plattformen blir revidert annakvart år.

3. Den frivilligpolitiske plattformen skal innleie med avsnitt som skildrar visjon, mål og prinsipp, slik det er skildra i saksframlegget:

«Plattformen er eit styringsdokument som set retning for samarbeidet mellom Sunnfjord kommune og frivillig sektor.

Visjon: Sunnfjord kommune skal vere ein aktiv medspelar for frivillig sektor og bidra til eit levande lokalsamfunn.

Mål: Kommunen skal styrke og støtte frivillig innsats ved å legge til rette for samarbeid, god informasjon, møteplassar og føreseielege strukturar.

Prinsipp:

- Frivillige skal møtast med respekt
- Lokal forankring og støtte til initiativ frå nærområda
- Klare roller og tydeleg forventningsavklaring»

4. Det blir slått fast i dokumentet at frivilligpolitikken til Sunnfjord kommune skal bygge på «Dei 10 frivilligpolitiske bodene», vedtatt av Frivillighet Norge, og gjengitt på nettsida samhandlingskoden.no:

<https://www.frivillighetnorge.no/verktoy/offentlige/samhandlingskoden/ressurser/de-ti-frivillighetspolitiske-bud>

5. Den frivilligpolitiske plattformen skal ha ei inspirerende grafisk formgjeving.

Behandling i Eldrerådet 21.04.2026:

Kort orientering /svar på spørsmål ved Catrine Vagstad rådgjevar ved Fagutvikling

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

ELDR- 010/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.

Plattformen skal reviderast annakvart år.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved Catrine Vagstad rådgjevar ved Fagutvikling

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

RMNF- 010/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.
Plattformen skal reviderast annakvart år.

Behandling i Ungdomsrådet 20.04.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UR- 025/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.

Plattformen skal reviderast annakvart år.

020/26: Årsmelding 2025 – Ungdomsrådet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek ungdomsrådet si årsmelding 2025 til vitende.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes tilrådd**

UOK- 020/26 Vedtak:

Kommunestyret tek ungdomsrådet si årsmelding 2025 til vitende.

Behandling i Ungdomsrådet 16.03.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UR- 016/26 Vedtak:

Ungdomsrådet godkjenner ungdomsrådet si årsmelding 2025.

021/26: Orienteringar, spørsmål og oppfølging

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane blir tekne til vitande.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.04.2026:

(Skriv om ev. eksterne orienteringar først)

Kommunalsjefane orienterte om følgande saker:

1. Status Barnehage v/ kommunalsjef barnehage Kristine Steindal og rådgjevar Lise Fitje Toverud
2. Status Skule v/ kommunalsjef skule Åge Stafnes
3. Økonomi og prosessar v/ kommunalsjefane Kristine Steindal og Åge Stafnes

Utvalet gjekk gjennom oppfølgingslista, og gjorde følgande suppleringar:

- Synfaring av nye Førde ungdomsskule

Einstemmig vedtak

UOK- 021/26 Vedtak:

Orienteringane blir tekne til vitande.